

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

**Stein Inge Ryssdal (H), Svein Halleraker (H), Atle Kvåle (A), og Synnøve Solbakken (A)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlemer i bompengeselskap. **Geir Angeltveit (V), Christer Lilleskare Olsen (H) og Gustav Bahus (FrP)** stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er varamedlemer i styret for bompengeselskap.

Ryssdal, Halleraker, Kvåle, Solbakken, Angeltveit, Olsen og Bahus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Utval for miljø og samferdsel vedtok samråystes at Stein Inge Ryssdal, Svein Halleraker, Atle Kvåle og Synnøve Solbakken var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Utval for miljø og samferdsel vedtok samråystes at Geir Angeltveit, Christer Lilleskare Olsen og Gustav Bahus ikkje var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Angeltveit, Olsen og Bahus tiltredde saksbehandlinga.

Det var 11 representantar til stades.

**Jarle Jacobsen (KrF)** sette på vegner av A, Sp, SV og KrF fram slikt forslag:

«Ekstrapunkt:

Parallelt med etablering av selskapet, ber fylkestinget fylkesrådmannen gjera ei analyse og vurdering om det er strategisk å kjøpa selskapet BT Signaal.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Jacobsen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», frå april 2016. Fylkestinget vedtek å etablira eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til vedlagde utkast til vedtekter med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS.
3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til Sørvest Vegfinans AS, finansiert ved bruk av investeringsfond:

Budsjettendring:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 740 020 00	05290 00	07110	Kjøp av aksjar	100 000	100 000
10 790 100 00	09480 00	09979	Bruk av ubundne investeringsfond		
				100 000	100 000

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. til saman 5 x 100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem igang med å fusjonera inn aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ber om at selskapa Bergen Bompengeselskap AS, Bergen – Os Bompengeselskap AS og prosjekta Årsnes/Gjermundshamn og E134 Åkrafjordvegen, vert tidleg prioriterte for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.
5. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 10 mill. kr som Sørvest Vegfinans AS tek opp til drift av selskapet i oppstartfasen. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2019.
6. Parallelt med etablering av selskapet ber fylkestinget fylkesrådmannen gjera ei analyse og vurdering om det er strategisk å kjøpa selskapet BT Signaal.